



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 07/2021

Møtedato: 24.3.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandler: Kenneth Monsen

S 801, Grøneli – fasade endring av sel

Stølsbrukaren søker om fasade endring på selet, der det er i hovudsak å byte ut vindu, setje inn terrassedør samt å etablere terrasse/platting.

Det blir ingen endring på arealet på selet. Stølen er etter fjellova i bruk og skal behandles etter §10 i stølsforskrift: Etter søknad som fjellstyret avgjør, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet. Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Fjellstyret har motteke uttale frå Statkog, som aksepterar tiltaket.

Det er ikkje motteke uttale frå Innlandet fylkeskommune, og det er purra på uttale 2 gonger. Grunna tidspress hjå snekker, ynskjer tiltakshaver å få ei avklaring så snart som mogleg. Då dette er sendt på høyring 23.02, er det snart 4 veker siden dette vart oversendt. Difor vert saka oversendt fjellstyret for vedtak, og ein kan evt tilpasse vedtaket slik at eventuell uttale frå Innlandet fylkeskommune kan innarbeidas i etterkant.

Når det gjeld terrasse/platting, ser det ut på tilsendte byggeteikningar at det planlegges platting, og ikkje oppbygd terrasse. I midlertid på dei bilete ein har av bygget, er det ein viss høgdeskilnad på terrenget der det planlegges utvida terrasse/platting. Noverande kan definerast som terrasse, då den ligg ein del over bakken. Den er midlertid ikkje veldig stor i omfang. Dersom noverande terrasse skal utvidast, bør det tilførast masse kring denne slik at den faktisk vert ført opp som platting, og ikkje ein utvida, oppbygd terrasse. Dette bør vere eit krav frå fjellstyret. Opplofta terrasse er eit framan element i den byggeskikken som eksisterer på sel i statsallmenninga, og er ikkje noko ein bør tillate vidare i større omfang.

Framlegg til vedtak i sak 07/21:

Fjellstyret godkjenner søknaden etter §10 stølsforskrift. Fjellstyret ber søkeren vurdere å endre utforming av tilbygget i samsvar med merknader frå fylkeskommunen som eventuelt kjem innan 2 veker etter vedtak er fatta. Ved ev. endring ber fjellstyret å få tilsendt nye teikningar til orientering.

Dersom eksisterande terrasse vert utvida, skal terrenget endrast slik at denne vert bygd som «platting», dvs maks 0,5 meter over planert terreng.

Vedtak i sak 07/21:

Fjellstyret godkjenner søknaden etter §10 stølsforskrift. Fjellstyret ber søkeren vurdere å endre utforming av tilbygget i samsvar med merknader frå fylkeskommunen som eventuelt kjem innan 2 veker etter vedtak er fatta. Ved ev. endring ber fjellstyret å få tilsendt nye teikningar til orientering.

Dersom eksisterande terrasse vert utvida, skal terrenget endrast slik at denne vert bygd som «platting», dvs maks 0,5 meter over planert terreng.

Generelle reglar om fjellstyrevedtak:

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

Byggeløyver er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden, alternativt at det sendt byggemelding for bygg som berre krev meldeplikt. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som

generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.03.2021

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift: Stølsbrukar
Statskog
Vestre Slidre kommune
Oppland fylkeskommune